



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Postboks 117

Tlf: 56171480  
post@melandkyrkja.no

Meland kommune v. rådmann/ordførar

Frekhaug 18.02.2015

## Kommunereform Nordhordland og den lokale kyrkja

Eg viser til det pågåande arbeidet med å greie ut evt. ny kommunestruktur.

Eg vil be om at kyrkja blir teken med i dette arbeidet. Det er fordi drifta vår blir sterkt påverka av det som skjer med kommunen. Jfr. Kyrkjelova §5 om soknets organer: "*I hvert sokn skal det være et menighetsråd. I kommuner med fleire sokn skal det i tillegg være et kirkelig fellesråd.*"

Den nye kommunen vil altså samtidig bli det nye fellesråds-området

Vidare heiter det i § 15, siste ledd: "*Representant for kirkelig fellesråd kan gis møte- og talerett i kommunale organ når disse behandler saker som direkte berører fellesrådets virksomhet.*"

I tillegg til at kyrkja blir ein part i dei lokale prosessane, ser vi gjerne at de tek med dette innspelet opp på regionråds-nivå. Kyrkja har (med unntak av Osterøy) eit prosti som er geografisk likt med Nordhordland Regionråd.

Eg vil også vise til at fylkesmennene har fått brev frå Kyrkjerådet og KA med oppmoding om å dra med den lokale kyrkja i prosessane rundt eventuell kommunesamslåing (sjå vedlegg).

Venleg helsing

Anne Sofie N. Uthaug  
Kyrkjeverje